



## Møteprotokoll

---

**Utval:** Kontrollutvalet  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Dato:** 23.06.2023  
**Tid:** kl 09.00 - 11.20

---

### Frammøtte

Paul Sindre Vedeld  
Svein Sandvik  
Jim Andre Berge  
Lidvar Kragseth

### Representerer

SP  
V

### Funksjon

leiar  
Medlem  
Varamedlem  
Varamedlem

### Forfall

Evelyn Midtbø  
Laila Grethe Haugen  
Lasse Thorbjørn Rindal

### Representerer

Ap

### Varamedlem

### Representerer

### Andre som møtte

Andreas Chr. Nørve  
Ane Malene Søvik Nygård  
Elias Evald Botnen  
Halldis Moltu

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Arkivsaksnr.</b>
PS 21/23	Godkjenning av innkalling og sakliste	23/1070
PS 22/23	Godkjenning av protokoll	23/1070
PS 23/23	Orienteringar	23/1070
PS 24/23	Referatsaker	23/1070
PS 25/23	Forvaltningsrevisjon: prosjektrapport - Mobbing i skulen og aktivitetsplikt	22/1080
PS 26/23	Førebuing: Evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid i perioden 2019 - 2023	23/869
PS 27/23	Gjennomgang av møteprotokollar	23/1070
PS 28/23	Vedtaksoppfølging	23/492
PS 29/23	Saker til eventuell seinare behandling	23/1070
PS 30/23	Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2022	22/1485
PS 31/23	Kommunerekneskapen med årsmelding 2022 - Vanylven kommune	23/1097

Fiskå, 23.06.2023

Paul Sindre Vedeld

## PS 21/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

### Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

### Behandling:

## PS 22/23 Godkjenning av protokoll

### Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

### Behandling:

### Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

## PS 23/23 Orienteringar

### Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
05/23	Offentleggjering av søkjarliste
06/23	Svar på RS 02/23 vedk. varslingsprosedyrar
07/23	RS 03/23 vedr. møte med skule
08/23	Oppfølging av sak

### Vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

### Behandling:

Kommunedirektøren orienterte også om evalueringar som er gjennomført av familie- og læringssenteret (FLS). Avonova har gjennomført undersøking i forhold til arbeidsmiljø og PwC har gjennomført ei evaluering av organisering/rutine.

Avonova sin rapport er bygd rundt tre ulike saker: uro på helsestasjon, kommunalsjefen si rolle og kommuneoverlegen si rolle. Dette er det orientert om i fellesmøte med alle som har vore involvert i kartlegginga og dei berørte leiarane vart orientert i forkant av fellesmøtet. Kommunedirektøren er pt. fungerande kommunalsjef for kultur og oppvekst, og har gjort grep med å flytte helsestasjon til sektor for helse og omsorg.

PwC konkluderer med at FLS bør bestå som paraply, alternativet er å etablere noko nytt som vil potensielt gi same utfordringar som ved etablering av FLS. Dei skildrar mangel på

etablerte rutiner, i stor grad berre på utkast-nivå som ikkje er gjort kjent. Kommunen vil reetablere FLS, som er bygd rundt helsestasjon, PPT og ungdomsarbeid. Der er tilsett ein ressurs for å koordinere PPT-ressursane, og ein koordinator for ungdoms-losane. Den tidlegare stillinga som utekontakt vil bli lyst ut. Interne ressursar vil bli nytta i ei prosjektstilling for å reetablere FLS.

Kommunen har hatt ei opplæring i teieplikt og handtering av uønska situasjonar,, for mellomleiarnivå, dette bli også bli gjennomført for kultur- og oppvekstsektoren til hausten.

**Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

## **PS 24/23 Referatsaker**

**Vedtak:**

Referatsaker vart samrøystes tekne til vitande.

**Behandling:**

**Dagleg leiar si tilråding:**

Referatsaker vart samrøystes tekne til vitande.

## **PS 25/23 Forvaltningsrevisjon: prosjektrapport - Mobbing i skulen og aktivitetsplikt**

**Vedtak:**

Kontrollutvalet kjem med slik tilråding til kommunestyret:

1. Kommunestyret tek til vitende forvaltningsprosjektet "Mobbing i skulen og aktivitetsplikt", utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 17.04.2023.
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine tilrådingar skal følgjast/utførast:
  - a. sikre at fellesrutinar i høve 9A i større grad blir implementert ute på skulane.
  - b. innarbeide/følgje rutinar for at tilsette ved skulen kvitterer for at dei er gjort kjent med rutinar og sine plikter i høve 9A.
  - c. sikre at alle aktivitetsplanar er merka unnateke offentlegheit med tilhøyrande lovheimel.
  - d. sikre at aktivitetsplanane inneheld konkret informasjon om kva problem tiltaka i aktivitetsplanen skal løyse.
  - e. i aktivitetsplanane sikre at ansvarleg for gjennomføring blir knytt opp i mot kvart enkelt tiltak.
  - f. sikre at eleven sin rett til medverknad og eleven si vurdering blir tilfredsstillande dokumentert.
  - g. sikre at føresette og evt. elev signerer aktivitetsplanar.

**Behandling:**

Søre Sunnmøre kommunerevisjon orienterte frå samandraget i rapporten.

**Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet kjem med slik tilråding til kommunestyret:

1. Kommunestyret tek til vitende forvaltningsprosjektet "Mobbing i skulen og aktivitetsplikt", utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 17.04.2023.
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine tilrådingar skal følgjast/utførast:
  - a. sikre at fellesrutinar i høve 9A i større grad blir implementert ute på skulane.
  - b. innarbeide/følgje rutinar for at tilsette ved skulen kvitterer for at dei er gjort kjent med rutinar og sine plikter i høve 9A.
  - c. sikre at alle aktivitetsplanar er merka unnateke offentlegheit med tilhøyrande lovheimel.
  - d. sikre at aktivitetsplanane inneheld konkret informasjon om kva problem tiltaka i aktivitetsplanen skal løyse.
  - e. i aktivitetsplanane sikre at ansvarleg for gjennomføring blir knytt opp i mot kvart enkelt tiltak.
  - f. sikre at eleven sin rett til medverknad og eleven si vurdering blir tilfredsstillande dokumentert.
  - g. sikre at føresette og evt. elev signerer aktivitetsplanar.

**PS 26/23 Førebuing: Evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid i perioden 2019 - 2023****Vedtak:**

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

**Behandling:**

Det vart drøfta korleis synleggjere arbeidet med og sette fokus på resultat av forvaltningsrevisjonane.

**Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande, med eventuelt ..... som også vert lagt til grunn for evalueringa.

**PS 27/23 Gjennomgang av møteprotokollar****Vedtak:**

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

**Behandling:****Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

## **PS 28/23 Vedtaksoppfølging**

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

### **Behandling:**

### **Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

## **PS 29/23 Saker til eventuell seinare behandling**

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet ber om at kommunedirektøren informerer om status på internkontroll og sikring av kontinuitet i oppgåvene når der t.d. er utskiftingar i organisasjonen.

### **Behandling:**

Med bakgrunn i drøfting under sak 31/23 og 30/23 vart det teke opp spørsmål om rutine m.m. knytt til den overordna drifta.

## **PS 30/23 Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2022**

### **Vedtak:**

Basert på dei opplysningane som er mottekne og kjende, har ikkje kontrollutvalet merknadar til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2022.

### **Behandling:**

Revisjonen gjekk igjennom hovudtrekka frå dokumenta som låg ved saka og som var unnateke frå offentleg innsyn. Leiaren tok då opp spørsmål om å lukke møtet slik revisor fekk orientere og gi svar. Kontrollutvalet vedtok samrøystes å lukke møtet j.f. kommunelova §11-5 3.b) j.f. offentleglova §24 1.ledd.

### **Dagleg leiar si tilråding:**

Basert på dei opplysningane som er mottekne og kjende, har ikkje kontrollutvalet merknadar til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2022.

## **PS 31/23 Kommunerekneskapen med årsmelding 2022 - Vanylven kommune**

### **Vedtak:**

Med grunnlag i kontrollutvalet sine aktivitetar retta mot økonomiforvaltninga uttalar kontrollutvalet følgande:

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2022 datert 21.06.2023.
2. Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga 2022 for Vanylven kommune.
3. Kontrollutvalet har ikkje merknadar til administrasjonen sin omtale av dei lovpålagde krava i årsmeldinga.
4. Kontrollutvalet påpeikar at rekneskapen er avlagt lenge etter fristen, og tilrår at det blir gjort tiltak for å førebygge at kommunen kjem i ein tilsvarande situasjon neste år.

### **Behandling:**

Kommunedirektøren orienterte overordna om rekneskap og årsmelding for 2022.

### **Dagleg leiar si tilråding:**

Med grunnlag i kontrollutvalet sine aktivitetar retta mot økonomiforvaltninga uttalar kontrollutvalet følgande:

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2022 datert 21.06.2023.
2. Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga 2022 for Vanylven kommune.
3. Kontrollutvalet har ikkje merknadar til administrasjonen sin omtale av dei lovpålagde krava i årsmeldinga.